



Stilling ledig som kyrkjelydsmedarbeidar

Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd søker kyrkjelydsmedarbeidar i 70 % engasjement

Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd har ansvarsområde i Vestre Slidre kommune i Valdres Prosti. Kommunen har ca 2.200 innbyggjarar fordelt på 464km² med variert natur. Landbruk og turisme er dei viktigaste næringsvegane. Det er gode moglegheiter for friluftsliv som fiske og fotturar. I fjellet er det godt tilrettelagt for sykling. Kommunen har eit godt skule- og barnehagetilbod, og ein kulturskule med godt og variert tilbod..

Vestre Slidre har 3 sokn med 4 kyrkjer og 1 kapell. Av kyrkjene er det 1 stavkyrkje, Lomen, og 1 mellomalderkyrkje, Slidredomen. I tillegg er det ein kyrkjeruin. I tilknytning til kyrkjene er det 4 kyrkjegardar. Fellesrådet har ein stillingsressurs på ca 3 årsverk fordelt på 9 tilsette. Kyrkja har gode kontor på Slidretun og bruker nynorsk som administrasjonsspråk.

Arbeidsoppgåver:

- Ulike sekretærfunksjonar ved kyrkjekontoret
- Føre digitalt arkiv
- Ansvar for nettside og oppdatere facebook-side
- Følge opp dåp og vigsel- sende ut helsingar til ulike årstrinn og bestille diverse materiell
- Vere med å leggje til rette for barne- og ungdomsarbeid
- Planleggjing, gjennomføring og evaluering av opplæringstiltak 0-30 år i samarbeid med tilsette, opplæringsutval og friviljuge.
- Vere ein ressurs i oppfølging av friviljuge medarbeidarar, foreldre og hjelpeiarar i tilknytning til trusopplæringsprosjekt
- Hjelp til å utarbeide lokale planar for opplæringsplan m.m. i samråd med kyrkjeverge

Personlege eigenskapar:

- Gode samarbeids-, planleggjings- og gjennomføringsevner
- Kontaktskapande, fleksibel, omgjengeleg og sjølvstendig
- Personleg eignaheit vil bli vektlagt

Kvalifikasjonar:

- Kunne arbeide både sjølvstendig og i team
- Kommunisere og samarbeide godt med barn, unge og friviljuge medarbeidarar
- Beherske norsk bra både munnleg og skriftleg
- God datakompetanse
- Den som tilsetjast må vere medlem i Den norske kyrkje
- Disponere bil
- Politiattest må fremleggast ved tilsetting

Vi tilbyr:

- 1 års engasjement i 70% med moglegheit for fast stilling.
- Ein hyggeleg arbeidsfellesskap
- Løn og arbeidsvilkår ihht gjeldande tariff og pensjonsordning i KLP
- Deler av arbeidstida er lagt til kveld, helg og høgtid

Kyrkjeloven § 29 gir kyrkja hjemmel til å krevje barneomsorgsattest, slik den er definert i politiregisterloven § 39. Slik attest krevjast ved tilsetjing.

For meir informasjon: Kontakt kyrkjeverje Veslemøy Kvamme, tlf. 4812 2137/958 68588, e-post: vk766@kyrkja.no

Søknad og CV med kopiar av attestar og vitnemål sendast: Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd, Slidrevegen 20, 2966 Slidre, eller på e-post: vk766@kyrkja.no snarast mogleg